



Til Utdannings- og forskingskomiteen,
Stortinget

Sogndal, 17.10.2023

Dei regionale forskingsfonda må styrkast, ikkje avviklast

I framlegget til statsbudsjett for 2024 føreslår regjeringa å avvikle Regionale forskingsfond. I ei tid der store utfordringar står i kø, treng vi verkemiddel som kan bidra til omstilling og innovasjon over heile landet. Å avvikle verkemiddel som nettopp bidreg til dette, er særskild uheldig.

Dei regionale forskingsfonda (RFF) deler ut midlar til små og mellomstore forskingsprosjekt i bedrifter og offentlig sektor. Fonda skal òg bidra til at fleire bedrifter og offentlege verksemdar deltek i nasjonal og internasjonal forskning. Midlane blir forvalta av fylkeskommunane.

Næringslivet er den største mottakaren av midlar, med 54 prosent av tildelingane sidan RFF vart etablert i 2010. Resten av tildelingane fordeler seg nokså jamt mellom offentlig sektor og forskingsinstitusjonar.

Samanlikna med andre forskingsverkemiddel, er ikkje RFF ei stor ordning målt i pengar. Men ordninga når lengre ut enn til dei største byane, til private og offentlege verksemdar som klarer å få mykje ut av små løyvingar. Prosjekta handlar mellom anna om å utvikle miljøteknologi, om konkrete verktøy og tiltak for å førebyggje negative konsekvensar av klimaendringar, klimatilpassing bygningar og infrastruktur, om e-helse og velferdsteknologi og om korleis vi i større grad skal klare å inkludere dei som står utanfor utdanning og arbeidsliv. Med andre ord – prosjekta handlar om å bidra til å løyse samfunnsutfordringar, med natur- og klimakrise, utanforskap og ei aldrende befolkning. RFF fungerer også som eit startpunkt, for å mobilisere bedrifter og kommunar til å søkje om nasjonale og internasjonale prosjekt. Dermed får kunnskapsproduksjon og innovasjonar finansiert av regionale verkemiddel ofte store ringverknader nasjonalt og internasjonalt.

Regjeringa sin nye langtidsplan for forskning og utdanning slår fast at forskingsdriven innovasjon er ei viktig kjelde til omstilling, og heilt naudsynt for å sikre framtidig verdiskaping og løyse dei utfordringane samfunnet står overfor.

Forsknings- og utviklingsverksemd er konsentrert til dei sentrale områda i landet, viser rapporten om regionale utviklingstrekk som Kommunal- og distriktsdepartementet la fram i september i år. I ein annan rapport frå same departement, «Små kommuners deltakelse i innovasjonsvirkemidler», har Telemarksforskning kartlagt i kva grad kommunar deltek i sju ulike ordningar for innovasjon. Biletet var tydeleg: Små distriktskommunar deltek sjeldan i slike ordningar samanlikna med større kommunar.



Begge disse rapportane viser eit stort behov for ordningar som bidreg til å mobilisere bedrifter og kommunar i distrikta til meir bruk av forskning for å stimulere til omstilling og innovasjon.

Regionale forskingsfond er døme på eit verkemiddel som er svært viktig i det regionale innovasjonssystemet, nettopp fordi det når lengre ut enn til dei største byane. Det finst ikkje alternative ordningar som på same måte som RFF treff dei breie behova til verksemder i distrikta. Det er difor svært uheldig for kommunar og næringsliv, og for samarbeidet deira med regionale forskingsmiljø, om RFF blir avvikla.

Brandtzæg-utvalet, som utgreidde tiltak for å styrke distriktnæringslivet (NOU 2020:12), meinte at nasjonale ordningar ikkje er tilstrekkelege for å omstille og vidareutvikle næringslivet i distrikta. Utvalet tok difor til orde for å trappe opp den regionale innsatsen for å få distriktnæringslivet til å bruke meir forskingsbasert kunnskap i eiga utvikling, gjennom samarbeid med forskingsmiljø. Utvalet trekte fram Regionale forskingsfond og Forregion (Forskingsbasert innovasjon i regionene) som viktige verkemiddel.

Dei regionale forskingsinstitutta er sentrale aktørar i dei regionale innovasjonssystema. Gjennom forskingssamarbeid med næringsliv og kommunar, bidreg vi til innovasjon, verdiskaping og berekraftige samfunn i regionane vi er ein del av. RFF har sidan etableringa i 2010 vore eit avgjerande viktig verkemiddel i desse samarbeida.

Vi oppmodar medlemmene på det sterkaste til å arbeide for å bidra til at RFF ikkje vert avvikla.

Med helsing

Anne Karin Hamre
Styreleiar FOKUS / direktør Vestlandsforskning

Agnes Gundersen
Direktør Møreforskning

Ellen-Marie Forsberg
Direktør Norsus

Ailin Aastvedt
Direktør Telemarksforskning

Iselin Marstrander
Direktør Nordlandsforskning